

Hugs å sortere sjølv om du er på ferie!

Ta rutinane med deg i sommar

Sjå siste side



Vegen vidare for avfallet

Kva vert det kjelde-
sorterte avfallet til?

Sjå side 2 og 3



Opning av ny miljøstasjon på Voss

I april var det endeleg klart for
oversiktleg sortering under tak

Sjå siste side



Leiaren

Kåre Flatlandsmo
kaare@ihm.no

Tankar om avfall

AvfallNorge er ein bransjeorganisasjon som samlar dei fleste kommunar og selskap som driv med avfallsbehandling i Norge. I samband med ein kommunikasjonskampanje som organisasjonen skal gjennomføre til neste år, har det i vinter vore gjort førebuande arbeid med ein del sokalla fokusgrupper i 3 norske kommunar, mellom dei ein av IHM-kommunane.

Bakgrunnen for denne forundersøkinga er det behovet AvfallNorge og deira medlemmer har for innsikt i dei private forbrukarane sine tankar, haldningar og åtferd knytt til eiga kjeldesortering av avfall, og tru og tvil knytt til den miljømessige betydninga av sortering. Og ikkje minst avfallsselskapa si evne til vidare handsaming av avfallet.

Undersøkinga viser at mange likar å kjeldesortere – i alle fall til ein viss grad. Største motivasjonsfaktoren er ønskje om å gjenvinne materialar, noko som er viktig både av klimaomsyn og naturressursane på jordkloden. Det følest meiningslaust å kaste materialar som kan brukast på nytt.

Det faktum at kommunen har innført kjeldesortering er også viktig, og det er dette punktet som flest gjev opp som sin viktigaste motivasjon. Det at kommunen sitt val av system betyr så mykje, vitnar både om lojalitet til styresmaktene og til den ordninga som er valt for lokalmiljøet.

Men det er også mykje tru og tvil om miljøgevinst og nytten av gjenvinning. I fokusgruppene kom det fram at mange er usikre på kor mykje av det kjeldesorterte avfallet som faktisk vert gjenvunne – og ikkje minst kva det vert gjenvunne til. Difor har me i dette nummeret av IHM-info lagt vekt på å fortelje om vegen vidare for det kjeldesorterte materialet som vert samla inn.

Det er ei utbreidd oppfatning at den ein-skilde gjer avfallsselskapet ei teneste

ved å utføre sorteringsjobben sjølv, og då vert ein frustrert dersom renovasjonsgebyret stadig vert høgare. Vidare skapar det uvisse at avfall vert selt som ei råvare/ressurs; er det pengane eller miljøet som er det viktigaste? Folk er meir motivert av miljøomsynet enn av økonomiske omsyn, og likar ikkje tanken på at kommunen kanskje har innført kjeldesortering for å spare pengar eller til og med tene pengar.

I IHM står miljøomsynet i fokus, men samstundes meiner me at det ikkje treng å vere motstrid mellom det å ta miljøomsyn, og det å tene pengar. Mange av naturressursane på jordkloden er alt mangelvare, og dette vil verte forsterka framover. Dette fører til prisauke, og utsorterte materialar som kan erstatte uttak av naturressursen aukar også i verdi. Sjølv om prisen på råvarer svingar mykje, er den langsiktige trenden klart aukande. Dermed vil fokus på auka utsortering og gjenvinning også ha økonomiske fordelar, noko som kjem både avfallsselskapet og brukarane av våre tenester til gode. Og i tillegg gjev det positiv klimaeffekt!


Vegen vidare for avfallet ... Kva blir det til?

Du kan vere trygg på at alt avfallet du sorterert vert brukt om att; enten ved gjenbruk, som råstoff i nye produkt (materialgjenvinning) eller avfallet vert utnytta som erstatning for anna brensel i industrien, i varmekraftverk eller fjernvarmeanlegg (energiutnytting).

Avfall frå miljøstasjonane i Eidfjord, Granvin, Jondal, Ullensvang og Ulvik går via IHM sitt avfallsanlegg på Voss, til godkjende behandlingsanlegg i inn- og utland.

Farleg avfall (FA)

Olje, måling, lim, lakk, kjemikaliar, tungmetall, sprayboksar, løsemiddel, plantevernmiddel, reingjeringsmiddel og anna farleg avfall må leverast til godkjent mottak. EE-avfall inneheld og farleg avfall (sjå avsnitt til høgre). FA vert deklartert og sortert på miljøstasjonane og på IHM sitt avfallsanlegg på Voss. Det vert vidare teke hand om på forsvarleg vis slik at helse- og miljøskadelege stoff ikkje hamnar i naturen. Noko vert brent ved høg temperatur og god rensing, og noko vert nøytralisert og eller langtidslagra.



Elektrisk- og elektronisk avfall (EE-avfall)

Alle produkt inkl. leiker, sko m.m. som bruker eller leiar straum enten det er frå nettet eller batteri, inneheld miljøskadelege stoff t.d. kvikksølv, kadmium, brom, PCB og bly, enkelte også olje og klimagassar. EE-avfall må leverast til godkjent mottak eller til forhandlar. Produkta vert sendt vidare for demontering, og miljøgiftene vert tekne hand om på forsvarleg vis. Metall som kopar, gull, sølv og palladium vert seld som nye råvarar. Plasten vert sendt til materialgjenvinning eller energiutnytting. Rundt 85% av det behandla avfallet går til materialgjenvinning eller ombruk.

Lysstoffrøyr

går til anlegg for elektronikkgjenvinning der kvikksølv, bly og andre tungmetall vert fjerna, og sendt vidare til gjenvinning.

Blybatteri

vert sendt via Batteriretur til gjenvinning i Sverige og England. Batterikassen vert til videokassetar, isskraper og hagemøblar. Batterisyra vert nøytralisert og uskadeleggjort, eller omgjort til vaskepulver. Blyet i batteria vert vidarebehandla og brukt i nye batteri.


Kvitevarer

På behandlingsanlegg vert drivhusgassen fjerna og teken vare på. Deretter vert elektriske komponentar miljøsanert og metall og plast sendt til gjenvinning.



PCB-haldige vindaug

produsert i Noreg mellom 1965 og 1975, og importerte fram til 1980, kan innehalde PCB. Vindauga vert sendt til godkjend behandlingsanlegg i Noreg der den PCB-haldige delen av glaset, fugemassen og treverket vert fjerna og destruert. PCB vert brote ned til ufarlege stoff, m.a. vatn og karbondioksid.



Trykkimpregnert materiale

vert levert til godkjend destruksjonsanlegg. Energien vert utnytta.



Trevirke

vert levert til energiutnytting, for det meste til Sverige.



Plastemballasje

Plastemballasje frå hushald og næringsliv inkl. landbruksplast vert pressa og balla på IHM sitt avfallsanlegg på Voss. All plastemballasjen frå hushalda vert sendt til to anlegg i Tyskland. Her vert platen sortert i 6-7 ulike plasttyper (optisk sortering). Grønt Punkt Norge garanterer at 75% av den innsamla platen går til materialgjenvinning, og vert til nye produkt som møblar, leiker, fleeclede, bereposar m.m. Plast av dårleg kvalitet erstattar olje og kol som brensel i industrien.



Isopor (EPS)

nytta i fiskekasser, emballasje rundt møblar, kvitevarer og liknande, vert til plastprodukt som bygningsartiklar, hagemøblar, kulepennar, CD- og PC-deksel.



Papir, papp og drikkekartong

vert grovsortert på avfallsanlegget på Voss før det vert sendt vidare til mottaksanlegg i Bergen for finsortering. Papp, papir og drikkekartong vert pressa i ballar og sendt til fabrikkar i Noreg, Sverige og Danmark. Råstoffet vert brukt i ny papp, papir og avisproduksjon.



Glas- og metallemballasje

Flasker, syltetøyglas og anna glaseballasje frå mat og drikkevarer vert sendt saman med hermetikkboksar, aluminiumsformer, telyshaldrarar m.m. til Onsøy utafor Fredrikstad. Her driv Syklus (tidl. Norsk glas- og metallgjenvinning) eit av verdas mest moderne anlegg for gjenvinning av glas- og metallemballasje. Gjenvunne glas vert råstoff til ny glaseballasje og til nye produkt som Glava isolasjon, Glasopor skumglas og glasbetong. Resirkulert metall og aluminium vert selt til smel-



teverk i Noreg eller eksportert, og vert til fly-, bil-, og sykkeldeklar, spiker, binders, hermetikkboksar og andre produkt av metall. Råstoffet har same høge kvalitet som heilt nytt materiale.

Metall

vert sendt til mottakar på Hanøytangen, Askøy. Mesteparten går vidare til Fundia i Mo i Rana for gjenvinning. Noko går til eksport.



Dekk

Kasserte dekk vert kverna og brukte i vegunderlag, støyvollar, sprengmattar, asfalt, trav- og kunstgrasbaner, overdekning av deponi m.m. Noko går til energiutnytting. Nokre dekk vert og eksportert for gjenbruk.



Klede og sko

som eignar seg til gjenbruk går til UFF sitt mottaksanlegg i Oslo.



Bioavfall

går til sentralkomposteringsanlegg i Odda eller Simadal. Vert seld som jordforbetningsmiddel.



Hageavfall

Hageavfall som gras, kvist og greiner kan du enkelt kompostere i din eigen hage, men kan og leverast til avfallsmottaket på Voss. Her vert det kverna og i hovudsak brukt som sidedekke på deponiet.

Restavfall

Avfall som ikkje kan gjenvinnast, t.d. tilgrisa plast, skitne og øydelagde tekstilar, keramikk, porselen, oske, støvsugarposar m.m. Brennbart restavfall vert for tida sendt til Sverige for energiutnytting.

Det ikkje brennbare restavfallet vert deponert på Bjørkemoen. Deponiet har høgverdig rensing av sige-vatn og oppsamling av metangass. Metangassen vert omdanna til straum og varme som dekker eige behov. Overskotsstraum vert seld i kraftmarknaden.

Noko må du betale for ...

Mykje er gratis å levere for privatpersonar, men noko må du betale for, som t.d. restavfall, bioavfall, trevirke, bygg- og rivingsavfall, eternitt, trykkimpregnert materiale, pcb-haldige vindaug og dekk (gratis til forhandlar). Desse avfallstypene vert prisa etter vekt. Sjå prisliste på www.ihm.no eller ta kontakt med IHM på tlf. 56 52 99 00.



“Alt blir berre blanda i samme bilen uansett”

NEI, bilane har skilde rom. Dei kan hente fleire avfallstyper samstundes utan å blande dei.



Rein oppleving

IHM - på naturen si side



Foto: Sverre Hjørnøvik

Opningstider for miljøstasjonane i IHM- regionen

Kommune	Miljøstasjon	Opningstid
Eidfjord	Simadalen	Tors 12.00 - 18.00
Granvin	Røystrand	Ons 12.00 - 17.45
Jondal	Pineskår	Tors 12.00 - 18.00
Ullensvang	Husemoen	Tors 12.00 - 18.00
	Øyjordet	Mån 12.00 - 18.00
Ulvik	Holmen	Tys 12.00 - 18.00
Voss	IHM, Bjørkemoen 60	Mån - ons og fre: 08.00 - 15.30 Tors 08.00 - 18.00

Spildrande ny miljøstasjon på Voss teken i bruk!

Det var kjekt å ta imot kundane som la turen til IHM på Voss då det var laurdagsope siste helga i april. Spennande var det å sjå om den nye miljøstasjonen fungerte etter planen. Med funksjonell oppstilling av containerar, einvegskøyring og oversiktleg skilting vart dette ein ny verden for både kundar og tilsette. Overbygg syter for at ein kan ferdist tørskodd og sortere i ly for regn og snø. "Heilt supert!" var kommentaren til Hege Magnusson som testa ut dei nye fasilitetane med stort engasjement. "No er det berre å gje full gass! Kan hende vert det fleire lass i dag".



Vårrydding hjå familien Magnusson Hatledal

Snorklypping og talar får vente. No er det klart for innrykk. Opningstidene vert som før (sjå over).

Hugs å sortere sjølv om du er på ferie!

Dei siste åra har mengda avfall frå hyttene eksplodert. Ei av årsakene er nok at mange hytter er i bruk større deler av året enn tidlegare. Med fleksible arbeidsordningar, moglegheit for tidleg pensjon og fleire generasjonar som nyttar hyttene i lag, er det nærast heilårsbruk på mange hytter.

Kos er for dei fleste synonymt med mat og drikke, enkelt er for mange ferdigmat og eingongsemballasje.

Større hyttefelt i vår region har sorteringsløyningar. Containerar for glas- og metallemballasje finn du i bygdesentra og ved dei fleste daglegvarebutikkar og campingplassar (sjå liste på heimesida). Bygg- og rivingsavfall, asbest, trykkimpregnert materiale, trevirke, metall, møblar, farleg avfall og elektrisk- og elektronisk avfall skal leverast til lovleg mottak, som er IHM sine miljøstasjonar. Sjå opningstider her og på www.ihm.no. Elektrisk- og elektronisk avfall kan du og levere i retur til forhandlar.

Indre Hordaland Miljøverk er eit interkommunalt avfallsselskap. IHM arbeider med kommunale renovasjonsordningar og miljøvenleg avfallshandsaming i desse kommunane



EIDFJORD
KOMMUNE



GRANVIN
HERAD



JONDAL
KOMMUNE



ULLENSVANG
HERAD



ULVIK
HERAD



VOSS
KOMMUNE

Redaksjon:
Kåre Flatlandsmo, dagleg leiar
Helen K. Søybye, kontorleiar
Gunnar Bråten, driftsleiar
Ellen T. Astrup, leiar info og miljø

Kontakt:
Adresse: Postboks 161, 5701 Voss
Kontor: Bjørkemoen 60, 5700 Voss
Heimeside: www.ihm.no
Telefon: 56 52 99 00

Telefax: 56 52 99 01
E-post: ihm@ihm.no



